

Sykkylven Vidaregåande Skule



Kartlegging av elvemusling i Aureelva

Arbeidet i elva vart utført i juni 1999 av klassane 1AØA, 1AØB og 3AFC.



Elevar og lærarar ved Sykkylven vidaregåande skule vart engasjert av miljøvernleiaren i Sykkylven, Njell Inge Hoftun, for å kartleggje førekomsten av elvemusling i Aureelva (**Kart**). Folk som har hatt tilknytning til elva gjennom leik, bading og fiske har kjent til at det er muslingar i elva, men det har ikkje tidlegare vore gjort nokon systematisk kartlegging av bestandstilhøva.

Elvemusling er ein art som på grunn av sitt levevis er truga både nasjonalt og internasjonalt. Den er med i den såkalla raudlista over trua dyreartar i Noreg og det har vore forbod mot fangst av elvemusling sidan 1. januar 1993.

Under kartlegginga så vi både på utbreiing, tettleik og lengdefordeling til elvemusling i elva. Vel utstyrte med vadebukser og redningsvestar saumfor vi elvebotnen med vasskikkert. Elvemuslingane står normalt på høgkant, delvis nedgreven i grus og stein på elvebotnen. Til saman telte vi nesten 3000 levande muslingar fordelt på til saman 15 stasjonar som var jamt fordelt i elveløpet (**Kart**). Den gjennomsnittleg tettleiken i Aureelva var 4,79 individ per m², men det var stor variasjon. Somme stader var det langt mellom muslingane, medan vi andre plassar ikkje kunne unngå å trække på dei fordi dei sto så tett. Med eit totalt elveareal på 44 000 m² estimerte vi ut frå dette bestanden til omlag 210 000 elvemuslingar.



Alle muslingar har eit kalkhaldig skal som består av to halvdelar. Desse to halvdelane er hengsla på ryggsida og vert halde saman av to kraftige musklar på innsida. Skallengda til dei levande muslingane varierte frå 2,2 til 16,9 cm. Dei to lengste individa, som målte 15,9 og 16,9 cm, er dei to lengste levande eksemplara av elvemusling som er rapportert frå Noreg.

Elvemuslingen har på mange måtar ei spesiell livshistorie. I juni-juli sprøyter hannmuslingane sædceller ut i vatnet og nokre få av desse finn vegen inn i ein homusling. Her skjer befruktinga, og inne i hoa utviklar larvane seg til dei blir sprøyta ut i vatnet, etter om lag



fire veker. No er larvane avhengige av å finne seg ein passende vertsfisk. I 9-10 månader lever dei som parasittar på gjellene til ungfisk av laks og aure før dei ut på våren eller forsommaren slepp seg av vertsfisken og kryp ned i grusen på elvebotnen. På dette stadiet er muslingane ca ein halv cm lang. Etter 3-4 år kryp muslingane opp for å ta fatt på sitt frittlevande liv på botnen, 1,5-2 cm lange. Elvemuslingane blir kjønnsmodne etter ca 20 år og kan bli over hundre år gamal.

Elvemuslingen lever av næringsstoff som den filtrerer ut av vatnet. Dagleg pumpar ein musling omlag 50 liter vatn gjennom gjellene, og på denne måten er muslingen ein effektiv vassreinsar som har avgjerande innverknad på vasskvaliteten i vassdraget, til glede for alt liv. Men med stor gjennomstrøyming av vatn kan sjølv små konsentrasjonar av skadelege stoff i vatnet kan vere livstruande. Derfor er giftutslepp, overgjødsling og sur nedbør svært uheldig for elvemuslingbestandar, i tillegg til regulering av elveløpet og utrydding av vertsfisk.

Før vi starta undersøkinga undra vi oss over om rotenonbehandlinga av Aureelva i 1989 hadde hatt negativ effekt på muslingbestanden. Målingane vår viste at nesten 5% av muslingar var mindre enn 5 cm. Ut frå det vi veit om veksten til elvemusling er det rimeleg sikkert at desse er fødd etter rotenonbehandlinga. Vi fikk altså påvist fornying i elva, noko som sjølv sagt er avgjerande for den vidare utviklinga.



Generelt gir resultatata av dette arbeidet eit positivt inntrykk av situasjonen for elvemuslingbestanden i Aureelva, men vi kan ikkje seie noko om kva utvikling den har hatt eller vil få i framtida. Vasskvaliteten i Aureelva har vore og er framleis påverka av fleire menneskeskapte tilhøve som kan vere uheldige for levekåra til både elvemuslingen og andre organismar i elva. Ein bør derfor følgje nøye med på tilstanden i elva.

Februar 2000 Jon Hjortdal (Prosjektansvarleg)

Aureelva med dei 15 stasjonane som vart nytta i samband med kartlegginga av elvemuslingbestanden i juni 1999.

